

Klistersvineblom - framandart – Brannstasjonen i Straumsnes

Vest for brannstasjonen er det tippa nokre lass med strøsand, dei fleste på eigedomen 110/70. Men det ligg også eit lass i skråninga ved gult kryss. Ved det gule krysset var det den 17.8.2019 fleire tusen småplanter av klistersvineblom, som har svært høg risiko (SE).



Korleis har klistersvineblomen komen hit? Det ser ut til å vere ein samanheng med strøsand. Feiebilen kan ha vore ein plass og sopa opp frø frå klistersvineblom saman med strøsand lokalt, og så tippa lasset på denne staden. Klistersvineblom er til no berre kjent frå Tingvollvågen i Tingvoll kommune, men alle førekomstar treng ikkje vere registrert. Ein annan moglegheit er at feiebilen ikkje har vore reingjort, og at frø har vore igjen i bilen då sopinga starta i Straumsnes. Feiebilen held vel hus på Sundalsøra, og der er klistersvineblom vanleg.

Kva gjer ein så?

Klistersvineblom skal ikkje spreiest til andre stader. Det vil seie at ein ikkje kan flytte noko frå denne eigedomen til ein annan stad utan å vurdere kva som då vil skje med mottakareigedomen etter ei stund. Sidan frøa blir spreidd med vind (Frøa har «fallskjerm» som kan minne om løvetannfrø), så vil spreiring kunne skje på mange måtar.

Viss det framleis er mogleg, bør ein fjerne klistersvineblom frå staden. Alle plantene ein såg av klistersvineblom blei fjerna 17.8. Det er aktuelt å sjå over om 2-3 veker om det var noko som blei gløymt. Viss bestanden er vesentleg redusert i 2020, så vil ein kunne få det til, viss ikkje har ein starta opp tiltak for seint og klistersvineblomen er etablert. Det må altså til kontroll av området i 2020 og kan hende 2021.

Like viktig er det å hindre at artar spreier seg på den måten ein ser her. Sannsynlegvis er oppsopet å rekne som spesialavfall, og det skal då leverast til godkjent mottaksplass. Då vil vel problemet vere løyst. Viss det ikkje er slik, så må ein gjere vurderingar av dei stadene som skal feiest slik at ein ikkje får med seg risikoartar. Og ein må sikre seg at maskineriet blir reingjort slik at ein ikkje flytter risikoartar.

17.8.2019 Øystein Folden

Den 3.9.2019 blei lokaliteten oppsøkt på nytt. Det var då kome fram nokre nye planter som var oversett sist, og desse blei fjerna. Samtidig blei haugane lenger vest undersøkt. Der blei det funne nokre få ganske store planter. Dei hadde framleis ikkje spreidd frøa og blei samla inn. 3.9.19 ØF

